



**Saksutredning**

Arkivreferanse: 2021/120-18

Saksbehandler: Sigurd Vie Alme

**Sakens gang**

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
2021/41	14.09.2021	Forvaltningsutvalget

**Reguleringsplanforslag Enebo grustak - utviding av eksisterande grusuttak**

**Bakgrunn**

27.10.20 Sendte Norconsult As på vegne av Aaheim Maskiner og Transport AS varsel om oppstart og høyring av planprogram for utviding av Enebo massetak, høyringsfristen var satt til 08.12.2020.

06.01.21 oversendte Norconsult planprogrammet med høyringsinnspeil til Lesja kommune for fastsetting.

03.02.21 vedtok Formannskapet i Lesja kommune i sak 5/2021 følgende vedtak:

**Vedtak**

1)Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9 fastsett Lesja kommune ved formannskapet planprogram for Reguleringsplan for Enebo grustak utvidelse (planID 34320162) datert 06.01.21.

2)Reguleringsaaka behandles vidare av Forvaltningsutvalget.

3)Kommunen vil ikke ta planforslag for Enebo grustak utvidelse til behandling før det er komplett byggemeldt utbetring av kryss mellom FV517 og E136, jf rekkefølgjekrav i reguleringsplan for Breivassøymoen masseuttak.

4)Reguleringsplan for Enebo grustak utvidelse kan ikke sluttbehandles før kryss FV517 og E136 er fysisk utbetra jamfør krav.

25.02.21 oversendte Norconsult AS reguleringsplanforslag på vegne av Aaheim Maskiner og Transport AS til Lesja kommune.

12.03.21 svarte Lesja kommune: planforslaget vil bli tatt opp til behandling etter vilkår satt i formannskapet i sak 5/2021 i møte 03.02.2021 er oppfylt:


[...]

3)Kommunen vil ikke ta planforslag for Enebo grustak utvidelse til behandling før det er komplett byggemeldt utbetring av kryss mellom FV517 og E136, jf rekkefølgjekrav i reguleringsplan for Breivassøymoen masseuttak.

[...]

Den 23.08.21 vart det gjeve tillating til utbetring av vegkryss etter byggesøknad frå Norconsult på vegne av Aaheim Maskiner og Transport AS, saksnr 143/21. Krysset mellom FV517 og E136 er dermed komplett byggemeldt og Lesja kommune kan dermed ta planforslaget opp til behandling.

Formålet med planen er å legge til rette for utviding av eksisterande grustak. Enebo grustak har vert i drift i mange år, men vart først regulert i 2015 med ein størrelse på ca 35 dekar. Tiltakshavar er Aaheim Maskiner og Transport AS som anslår eit gjennomsnittleg uttaksmengda dei siste åra på ca 10 000 m<sup>3</sup>.




Figur 1: Oversiktskart som visar plangrense med raudstrek.

Planområdet ligg sør-aust for Bjarli sentrum, like aust for Bjarli flyplass, sør før E136, jernbana og Rauma elv.

#### Tidlegare reguleringsplan

Lesja kommunestyre vedtok den 08.10.15, sak 64/15 å godkjenne reguleringsplanen for Enebo grustak.



Figur 2: Viser plankart for eksisterende reguleringsplan Enebo grustak [planID 05120134]

#### Konsesjon frå Direktoratet for mineralforvaltning

Massetaket inkludert utvidinga i planforslaget har godkjend konsesjon. Alle offentlege høyringsmyndigheitar hadde driftsplanen til høyring i konsesjonsprosessen.

## Dagens status av planområdet

### Infrastruktur

Framkomst til uttaket skjer fra E136 via Fv 517 (Rånåvegen) og Brekkelivegen. Rånåvegen kryssar Raumabanen like etter avkjøring fra E136, her er det sikra bom med lyd- og ljosregulering.

### Støy

Eigen støyanalyse er utført av COWI AS frå fyrste reguleringsprosess, rapporten viser at støynivå ved alle bustadar og fritidsbustadar vil tilfredsstille grenseverdiane Lden 55db (desibel). Det er derfor ikkje krav om støyreduserande tiltak. Andre støykjelder i området er Bjarli flyplass, E136 og Raumabanen.

### Grunnvatn

Grunnvassnivå er målt til 578,5 m.o.h. Føresegne legg opp til ei uttakskote på 580 m.o.h. Det er beskrive to private brønnar i området som ligg 110 m og 225 m frå planområdet.



Figur 3: Viser omriss av planområdet og dei to brønnane som er i området.

### Naturmangfold og landskap

Området er i hovudsak lavbotnenit furuskog. Deler av arealet er dyrkbar mark, men ikkje dyrka idag. Området inngår i beiteområde til Lesjaskog beitlag. Det er registrert sommertrekkveg for elg og hjort 1 km sør for planområdet, men elg og hjort har også tilhald i nærliek av grustaket. Grustaket er i dag eit godt synleg element frå Brekkelivegen og frå andre sida av dalen. Ein ser ikkje uttaket frå E136 eller frå dalbotn elles. Grusressursen består av sand og grus (breelvavsetning) samt fjellgrunn. Bruken av ressursen er stor sett veg- og byggeformål.

### Kulturminne

I Askeledden sin database finn ein ein ikkje-freda tjæremile og eit fermålt kulturminne i det eksisterande regulerte arealet. Desse kunne ein ikkje finne og ein gjekk ut frå at dei var øydelagt.

### Friluftsliv


Området er i dag brukt av lokalbefolkning og hyttefolk til friluftsliv, særleg Brekkelivegen.

### Planforslaget for utviding av Enebo grustak [planID 34320162] inneheld:

1. Planomtale med konsekvensutredning
2. Planføresegns
3. Risiko- og sårbarheitsanalyse
4. Plankart

## 5. SOSI-kontroll

## 6. SOSI-fil



Figur 4: Visar plankartet til planforslaget.

### Høyringssinnspele

Det er kome 8 i forbindelse med varsel av oppstart av reguleringsplan for utviding av Enebo grustak. Under følger utsnitt/hovudpoeng av innspel:

#### 22.10.20 Aud Einbu

Til medlemmar av Lesja formannskap

Ser av sakspapir til formannskapsmøte 22.10.20 at det blir lagt fram planprogram for utviding av Enebo grustak.

Det er grunnen til at eg set meg ned ved pc'en og skriv dette brevet. Eg er bekymra for naturen på vestsida av dalen mellom Rånå og Einbu. Det verkar som politikarane i Lesja ikkje heilt ser konsekvensane av alle vedtak som er med på å øydelegge naturen rundt Bjarli. Resultatet blir at Bjarli sentrum blir full av store, flotte hytter, medan områda rundt blir rasert av ulike inngrep.

Alt dette er usynleg når ein kører E136 til Bjarli, men med ein gong ein bevegar seg opp i dalsidene, er det ikkje særleg fin utsikt. Dalen er ikkje lenger særleg vakker med alle dei store grusholene. Det er heller ikkje så vakkert når ein tek seg ein sykkeltur langs Brekkelivegen og ser berre ein veg med jordvollar rundt. Naturen langs Brekkelivegen frå Rånåvegen til Einbu er stort sett øydelagt av alle masseuttak, kloakkrenseanlegget, flyplass, bilcross og gokart-bane.

Dette er område for skogsdrift, friluftsliv og rekreasjon for både lokale innbyggere og hyttefolk. Det er stor trafikk der i alle helger og ferier av både syklande og gåande.

Dei fleste som har hytte i og rundt Bjarli kjem hit nettopp for å nyte og bruke naturen vår til rekreasjon. For oss som bur her fast, er den like viktig. Naturen er vårt største apotek, sa sosialmedisineren Per Fugelli. Det må vi vel vera enig i. Har vi ein dårleg dag, blir den så mykje betre etter ein tur i skogen eller på fjellet.

Kva skjer dersom vi fortset å øydelegge naturen rundt Bjarli?

Det vil føre til at dei gode naturopplevingane blir borte, og dei som kjem etter oss ikkje vil bli buande her. Eg meiner det er all grunn til å stoppe og tenkje seg om i arbeidet med utvikling av Bjarli. Det er viktig med arbeidsplasser og utvikling, men med 1000 fleire hytter er eg redd for at bygdas tap av natur og livskvalitet vil bli større enn gevinsten. Folk krev respekt for naturen, og har begynt å bli redd for å miste den. På Haramsøya, på Frøya og andre stader i landet fortel dei om stor sorg fordi dei er i ferd med å misse naturen. Det er brutalt å ta frå folk den naturen som bidreg til god livskvalitet. Dersom det ikkje blir tatt omsyn til naturen i all vidare utbygging på Bjarli, vil det ein dag stoppe opp, og da vil ingen bygge seg hytte der lenger heller.

Vi som bur i Lesja har god tilgang på natur, og har god plass, men det er grunn til å rope eit varska når vi ser kva som skjer i området mellom Rånå og Einbu.

Velferd er ikkje berre forbruk og gode kommunale tenester. Velferd kan vi måle, men det er også det vi ikkje kan måle. Grøn velferd i form av tilgang til natur, kan ikkje målast, berre opplevast.

Eg ber Lesja formannskap om å ta med alle medlemene på ei befaring i området Rånåvegen, langs Brekkelivegen til Einbu for å sjå korleis det ser ut der. Ber om at det blir sett i gang ei kartlegging av grusmasser i kommunen slik at det er klart kvar grus og fjell skal hentast når alle dei 1000 hyttene skal byggast i Bjarli. Grus/uttak av fjell må ligge i område som ikkje øydelegg naturen som innbyggjarane og hyttefolk brukar til rekreasjon. Når døkk har lese dette brevet så tenkjer døkk sikkert at dette er ei sur, gamal kjerring som ikkje vil ha utvikling og nye arbeidsplasser i Lesja. Men det er heilt feil, eg er opptatt av at det skal bli nye, og fleire arbeidsplassar, men ikkje på den måten det ser ut som det fortset nå. Vår flotte natur kan bli mykje viktigare i framtida enn vi som lever nå kan forestille oss. Av den grunn må vi tenkje oss godt om korleis vi brukar naturen. Det er mange sider i denne saka, nokon vil selja grus, nokon vil selja tomter og nokon vil bygge hytter, men når naturen er øydelagt, får vi den aldri tilbake.

Eg bur slik til at eg ser rett ned i, og hører bråket, i ei grushole kvar dag. Ikkje ein stille dag her på garden om sommaren, derfor har eg mykje betre forståing av korleis det kan bli i åra framover. Og akkurat derfor tok eg meg bryet med å skrive dette brevet for å fortelja korleis det kan bli.

Lesjaskog 19.10.2020

Aud Einbu

#### Kommentar frå forslagsstiller:

Utvidelsen har blitt spilt inn i pågående revisjon av arealdelen tidligere og det er allerede gitt konsesjon til massetaket etter Mineralloven for hele arealet.

Masseuttak vil alltid føre med seg ulemper, både målbare og ikke målbare. Vi mennesker er ikke like, og noen vil reagere sterkere enn andre på endringer. Enebo skal drives etter gjeldende lover og regler, og planforslaget legger opp til en rekke tiltak som skal dempe virkningene fra drifta. På generell basis anses beliggenheten til Enebo massetak som gunstig og fører med seg forholdsvis få konfliktpunkt i forhold til meir sentrale områder.

Enebo vil kunne leve kvalitetsmasser som er viktige for samfunnet og tiltakshaver vil i tillegg kunne bygge opp under sin virksomhet og sikre arbeidsplasser i distriktet.

#### 08.12.20 Statsforvalteren i Innlandet

I hovedtrekk skal landskapshensyn, arealbruk, terrengrforming og etterbruk ivaretas og fastsettes gjennom reguleringsplanen. Hensyn til sikker drift, ressursutnyttelse og krav til sikring og fjerning av installasjoner fastsettes i driftsplan i samsvar med Mineralloven. Forurensningsforskriftens kap. 30 regulerer den daglige drift i anlegget sammen med driftsplanen etter mineralloven. Det er gitt driftskonsesjon etter mineralloven for hele planområdet.

- Fylkesmannen forventer at det tas landskapshensyn ved utforming av uttaksområdet. Vi anbefaler at nær- og fjernvirkning av planlagt uttaksområde beskrives og dokumenteres i form av foto, terrengrøfler, 3D-modell o.l. Skjerming av uttaksområdet bør vektlegges gjennom bevaring av eksisterende vegetasjon. Vi anbefaler at skjermingsbeltet reguleres til vegetasjonsskjerm. Fylkesmannen anbefaler også at det innarbeides bestemmelser med krav om istandsetting og etterbruk av området. Dersom landbruk er et aktuelt etterbruksformål, bør arealbruken reguleres i tidsrekkefølge.
- Det må utarbeides en støyfaglig utredning med beregning og kartfesting av støysoner for planlagt massetak, og evt. behov for støytiltak innarbeides i planen. Fylkesmannen forventer at støyforholdene

for boliger i nærheten av uttaksområdet blir vurdert i henhold til anbefalte grenseverdier. Det må gjøres en vurdering av om utredningen som ble gjort til eksisterende plan er tilstrekkelig til å dekke opp for utvidelsen.

- Dersom det skal legges til rette for asfaltproduksjon på stedet bør planen ta høyde for dette.
- Det må vurderes om det trengs egen tillatelse etter forurensingsloven for massedeponeringen som er planlagt i grustaket.
- Samfunnssikkerhets- og beredskapsmessige forhold skal ivaretas i planforslaget på grunnlag av vurderinger og risiko- og sårbarhetsanalyse, jfr. plan- og bygningsloven §§ 3-1 pkt. h og 4-3. Dette skal også omfatte klimatilpasning og konsekvenser av klimaendringer.
- Kommunen må sikre at planområdet er tilstrekkelig sikret mot fare eller vesentlig ulempe, og at tiltak ikke fører til fare eller vesentlig ulempe for grunn, jfr. plan- og bygningsloven § 28-1.

#### Kommentar fra forslagsstillar:

Planprogram anses som dekkende for de utredninger som bør gjøres. En kjenner til samspillet mellom aktuell lovgivning og vil ivareta merknadene i planforslaget. Det er avsatt skjermingsbelter rundt uttaket som vegetasjonsskjerm (sosi 3060). Tidsrekkefølge for arealbruk er ivaretatt i bestemmelsen. Planforslaget vil inneholde en vurdering av om eksisterende støyvurdering er dekkende for planlagt framtidig drift.

Det vises til grenseverdier i forskriften i planforslagets bestemmelser.

Nødvendige tillatelser/melding må foreligge for tiltaket. Tiltakshaver er ansvarlig for at dette blir gjort.

ROS-analysen vil følgje planforslaget.

#### 08.12.20 Innlandet fylkeskommune

- Utredningstema - Rauma er et varig verna vassdrag og ihht kommuneplanen tillates ikke bygge- og anleggstiltak i et 100-metersbelte. Plangrensa går om lag 25 meter fra elvebredden. Det opplyses imidlertid at det ikke planlegges tiltak nord for Brekkelivegen. Vegen ligger om lag 50 meter fra elva. Det forventes at dette utredes ytterligere i det videre planarbeidet.
- Det går en tursti gjennom planområdet. Det er viktig at anleggsarbeidet ikke hindrer mulighet for å utøve friluftslivaktiviteter og at det er trygt å ferdes langs stiene.
- Vi ikke kjennskap til at det foreslårte tiltaket kommer i konflikt med kulturminner.
- Konsekvenser av massetransporten synliggjøres. Trafiksikkerhet og transportens omfang skal utredes og beskrives. Fylkeskommunen forutsetter at dette følges opp i planarbeidet. Kryssene E136/Fv. 2668 og Fv. 2668/Brekkelivegen omfattes ikke av planområdet. I reguleringsplan for Breivassøymoen massetak, vedtatt 14.03.2018, er det rekkefølgekrav om utbedring av krysset mellom E136 og Fv. 2668 (tidligere Fv. 517) før det tillates utvidet drift. Vi forutsetter at dette rekkefølgekravet også gjøres gjeldende for utvidelsen av Enebo massetak.
- Det bør tas inn i reguleringsplanen en bestemmelse som sier at for alle tiltak som berører fylkesvegen, skal byggeplan godkjennes av IFK, og det skal skrives gjennomføringsavtale.

#### Kommentar fra forslagsstillar:

Planprogram anses som dekkende.

Det er vurdert at medvirkning er tilstrekkelig vektlagt i prosessen.

Forholdet til det varig verna vassdraget vil utredes under kapittel om naturverdier.

Det går en traktorveg gjennom området, men ingen tilrettelagt sti. Det vil ikke bli mulig å utøve friluftsliv på vanlig måte innenfor plangrensen. Området skal sikres.

Innarbeides i bestemmelsene.

Rekkefølgekravet innarbeides også i planforslaget med samme ordlyd som for reguleringsplan for Breivassøymoen. Krysset ble kontrollert i forbindelse med reguleringsplan for Breivassøymoen.

Omtales nærmere i beskrivelsen.

Krav om gjennomføringsavtale og godkjenning må innarbeides i bestemmelsene.

#### 03.12.20 Statens vegvesen

- Adkomst til området: Transport fra massetaket vil foregå via privat veg Brekkelivegen videre på fylkesveg 2668 Rånåvegen og ut på E136. I planprogrammet vises det til at det vil bli gjort utredning og beskrivelse av konsekvenser av massetransporten, med tanke på trafikksikkerhet og transportens omfang.
- Brekkelivegen omtales i planprogrammet som sykkelveg for lokalbefolkning og hytteeiere, og utredningen må se på konsekvenser og behov for eventuelle tiltak for å ivareta trafikksikkerheten for denne trafikantgruppa.
- Statens vegvesen vil ikke akseptere ny reguleringsplan som innebærer nye tiltak og/eller økt transport før utbedring av krysset, fylkesvegen og E136, er gjennomført i samsvar med rekkefølgekrav i vedtatt reguleringsplan for Breivassøymoen massetak.

Kommentar frå forslagsstillar:

Endring planprogram:

Utredningsbehov for friluftsinteresser er endret til å omfatte en vurdering av trafikksikkerheten for syklister samt å se på evt. tiltak.

Rekkefølgekravene er innarbeidet i bestemmelsene.

Kommunen har tatt kontakt med driver til Breivassøymoen og oppfordrer videre til kontakt mellom omtalt driver og tiltakshaver. Det forventes en byggesøknad for krysset parallelt med behandling av dette planforslaget av Lesja kommune.

18.11.20 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Forslagstiller har ansvar for at disse interessene blir vurdert i planarbeidet. Flom, erosjon, skred og overvann God arealplanlegging er det viktigste virkemiddelet for å forebygge skader fra flom, overvann, erosjon og skred. Pågående klimaendringer vil auke risikoen for disse faretypene. Plan- og bygningsloven og byggeteknisk forskrift (TEK17) setter tydelige krav til sikkerhet mot flom, erosjon og skred ved planlegging og utbygging.

Dersom planen berører NVEs saksområder, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. NVE legger til grunn at kommunen vurderer om planen ivaretar nasjonale og vesentlige regionale interesser. I plandokumentene må det gå tydelig fram hvordan de ulike interessene er vurdert og innarbeidet i planen. Alle relevante fagutredninger innen NVEs saksområder må være vedlagt. Vi ber om at alle plandokumenter sendes elektronisk til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no). NVE vil prioritere å gi innspill og uttalelser til reguleringsplaner der det bes om faglig bistand til konkrete problemstillinger.

Kommentar frå forslagsstillar:

Merknaden tas til etterretning. NVE `s ansvarsområder er omtalt i konsekvensutredningen.

Eventuelle virkninger av det planlagte tiltaket er synliggjort under kapittel 4.6 og 4.7.

NVE har ikke blitt særskilt kontaktet for hjelp eller innspill til dette planforslaget.

10.12.20 Mattilsynet

Vi forutsetter at eventuelle drikkevannsinteresser blir kartlagt og drikkevannshensynet blir ivaretatt i plan og planområdet. Vi har ellers ingen flere kommentarer/inngang på nåværende tidspunkt til oversendte varsel.

Kommentar frå forslagsstillar:

Merknaden tas til etterretning. Drikkevann er omtalt under kapittel 4.6.4 i konsekvensutredningen.

03.12.20 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard (DMF)

- Uttak av mineralressurser utgjør i mange tilfeller omfattende inngrep. Vår generelle anbefaling er at denne type tiltak bør ha reguleringsplan, og vi er derfor positive til at eksisterende reguleringsplan utvides.
- En mineralressurs er en ikke-fornybar naturressurs som kun kan tas ut der den naturlig forekommer. Det er viktig at ressursene utnyttes så optimalt som mulig, det vil si både i volum og kvalitet. Ressurskartet viser at forekomstområdet er større enn foreslått planområde. Drift av uttaket bør derfor skje på en slik måte at eventuell ytterligere utvidelse i framtiden er mulig.

- Arealavklaringen for masseuttaket skal gis i reguleringsplanen, og gjennom reguleringsbestemmelsene kan det blant annet settes ytre grense for uttaket, tidsbegrensning og etterbruk. Formålet med reguleringsbestemmelsene bør gå klart frem i planbeskrivelsen. Reguleringsbestemmelser bør ikke gis på en slik måte at de binder opp drifta og avslutningen av masseuttaket.
- Den som driver masseuttak som omfattes av mineralloven er ansvarlig for å sikre uttaksområdet. Det er derfor viktig at det i reguleringsplanen settes av tilstrekkelig areal for sikringstiltak, og for tilsyn og vedlikehold av disse.

Kommentar frå forslagsstillar:

Både løsmasseforekomsten og fjellressursen beskrives i planbeskrivelsen/ konsekvensutredningen. Forslagsstiller kjenner til samspillet mellom mineralloven og plan- og bygningsloven. Bunnkoten for uttak er i utgangspunktet knyttet til drift og burde settes i driftsplan. Bunnkoten griper likevel inn i andre tema som skal vurderes i en reguleringsplan og er derfor videreført i bestemmelsene fra gjeldende reguleringsplan. Sikring er innarbeidet i bestemmelsene. Det er også gitt rekkefølgebestemmelser for når sikring skal være på plass.

09.12.20 Aud Einbu

Merknad, utvidelse av Enebo grustak

Vi har fått varsel om oppstart av planprogram for utvidelse av Enebo grustak. Som nabo til dette grustaket har vi ein del merknader.

Stort naturinngrep

Vi meiner at alle grusuttaka langs Brekkelivegen fører til for store naturinngrep i skog/utmark rundt BJORLI. Alt for mange av dei naturkvalitetane som BJORLI/Lesja har, blir sterkt forringa. Det skjer ei bit for bit nedbygging som gjer at viktige naturområde forsvinn. Naturmangfoldet blir redusert, og både lesjingane og hyttefolket misser mulegheitene for gode naturopplevingar. Skal BJORLI/Lesja bevare sitt fortrinn som reiselivsdestinasjon, må myndighetene /Lesja kommune ta betre vare på naturen slik at den blir sikra for framtidige generasjoner. Naturen er ein ressurs som vi aldri kan reversere når den blir øydelagt.

Støy og støv

Skjermingsbelte og voll mot Brekkelivegen er ikkje nok for å hindre at lyden spreier seg oppover dalsida og rett på vår eigedom. Vi krev ein lyddempande vegg mot bygda. Vår livskvalitet er sterkt redusert etter at grustaket starta opp. Viser elles til bilde frå grustaket som er lagt ved denne merknaden.

Friluftsaktivitetar

Brekkelivegen er den einaste vegen utanom E136 som innbyggjarane i Einbugrenda har. Vi har ingen gang/sykkelveg. Skal vi gå tur må vi bruke Brekkelivegen. Det må finnast område i denne grenda der familiar, barn, unge, og ikkje minst den eldre del av befolkninga kan gå, sykle, trille barnevogn, leike, køyre rullestol osv. Det er ikkje særleg triveleg å gå langs Brekkelivegen med jordvollar på både sider og lastebilar i rasande fart som gjer at det er så stint av støv at ein nesten ikkje får puste. Dette er sjølvopplevd, kvar einaste sommar er forholda slik på Brekkelivegen.



#### Kommentar frå forslagsstillar:

Det vises til forslagsstillsers kommentar til brevet som Aud Einbu har skrevet til formannskapet.

Massetak er store inngrep i naturen og har uten tvil negative sider ved seg som må veies mot en såpass viktig samfunnsressurs som Enebo er. Det er innarbeidet en rekke avbøtende tiltak som er beskrevet i denne planbeskrivelsen og det må forventes at driver følger gjeldende lovverk ved sin drift og transport.

#### **Vurdering**

Planforslaget ser ut til å vere grundig gjennomarbeida, og har ei god oversikt av dagens situasjon, formål med planen, konsekvensar av reguleringsforslaget og tydlege illustrasjoner.


Det er gjort greie for innspel som er kome inn etter melding om oppstart av planarbeidet, og mange av merknaden er tatt til følgje og ivaretatt i planforslaget. Forslagsstillar har kommentert innspela på ein oversiktleg og tydleg måte.

Ved synfaring av området i start fasen av planprosessen vart det tydleg at masseuttaket har fortsett drifta si utanfor det området som er regulert til masseuttak. Kommunedirektøren synast det er uheldig at det har på gått uttak i området utanfor det som er regulert til masseuttak. Reguleringsarbeid skal utførast i forkant før nytt areal kan takast i bruk, ein godkjend driftsplan gir ikkje løyve til å ta i bruk utvida areal. Med planprosessen skal ein danne eit godt kunnskapsgrunnlag for planen ved utredningar, innspel og ein god prosess som belyser alle sider i saka før eit eventuelt uttak, samt planlegge utnytting av ressursen på ein best mogeleg måte.

Kommunedirektøren er positivt til at det no vert utarbeida ein reguleringsplan for å dekke framtidig areal som sikrar ressurs til lokalbedrift og samfunnsutvikling.

#### Planforslaget, overordna- og gjeldande reguleringsplan

Planforslaget er ikkje i tråd med kommuneplanen, det utvida området ligger i kommuneplanen til LNFR-formål, og der er dermed behov for konsekvensanalyse som forslagsstillar har inkludert i planomtala, kapitel 4.



Figur 5: Visar eksisterande reguleringsplan og utviding av reguleringsplan med svart stipla linje.

Planforslaget legger opp til om disponering av ca 92 dekar LNFR-areal til hovudsakleg masseuttak, men også vegetasjonsskerm m.m. som vist i tabell 1:

Tabell 1. Tabellen visar om disponering etter arealtype og foreslått formål for utviding av planen. Areal som er dekket av gjeldende plan er ikke tatt med i oversikten.

Artype	1201: Steinbrudd og masseuttak	2011: Kjøreveg	2018: Annen vegrunn - tekniske anlegg	3060: Vegetasjons- skerm	3900: Angitt grøntstruktur kombinert hovedformål	Areal i m <sup>2</sup>
12 - Samferdsel		741				741
30 - Skog	68891	478	929	18983	1266	90547*
50 - Åpen fastmark	107	36	74	730		947
81 - Vann	267					267
<b>Sum</b>	<b>69265</b>	<b>1255</b>	<b>1003</b>	<b>19713</b>	<b>1266</b>	<b>92502</b>

\*Tabell 1 viser at omdisponeringen av areal som følge av utvidelsen omfatter 90.5 dekar skogsareal. Av dette skogsarealet er 51 dekar impediment, dvs ikke produktiv skog, mens 39,5 dekar er skog av lav bonitet.

Heile planområdet skal tilbakeførast til LNFR - jordbruk og skogbruk etter enda masseuttak. Med dagens uttaksnivå på 10 000 m<sup>3</sup> vil driftstida for utvidinga være på 110 år. Med utviding av planområdet anslår forslagsstilla at uttaksvolumet vil auke og dermed også redusere drifts tida. Vidare så legger planforslaget opp til vidareføring av vegetasjonsskerm rundt masseuttaket på 20 meter, med formål om å hindre/redusere innsyn, støy og støvflukt. I vegstasjonsskjermen skal det også opparbeidast jordvoll som såast til og vegetasjon etablerast.

### Konsekvensanalyse

Samla sett legger konsekvensanalysen fram følgande konsekvens ved utviding av masseuttaket:

- Ingen eller ubetydeleg for natur, landbruk og kulturminnet.
- Noko negativt for forureining og infrastruktur/transport.
- Betydeleg negativ for landskap og friluftsinteresse.
- Betydeleg positiv for ressursen og næringslivet/sysselsetting.

Samle sett legger konsekvensanalysen fram følgande konsekvens ved å ikkje utvide masseuttaket:

- Ingen eller ubetydeleg negativt for natur, landbruk kulturminne, forureining og transport/infrastruktur.
- Svært betydeleg negativ for råstoffresurssen og næringslivet/sysselsetting.
- Litt negativ for friluftsliv og landskap.

Utviding av masseuttaket har fleire positive konsekvensar ved seg, men på kostnad av landskap og friluftsinteresse.

Kommunedirektøren synast planforslaget gjer godt greie for endring av arealformål og konsekvensar ved utviding av masseuttaket.

Masseuttaket er eit stort naturinngrep, men vegast opp mot samfunnets store behov for tekniske massar. På Bjarli er behovet for massar stort med tanke på hyttebygging m.m. og det er per i dag ikkje godkjente fleire masseuttak vest i Lesja kommune. Utviding av eksisterande grustak er vurdert betre enn å opne opp heilt nye grustak.

Kommunedirektøren legger til grunn at det allereie er gjort eit stort inngrep i området, og at det derfor er fornuftig å utnytte ressursen før ein gjer inngrep i heilt nye områder. Ved eit uttak og produksjon av masser nært der det er eit stort behov vil ein halde transport distanse svært lav, og dermed også redusere klimagassutslepp.

#### Vegtilkomst

For vidare og auka tungtransport frå masseuttaket må krysset E136/Fv. 2668 utbetra og ferdigstillast før planen vert vedtatt.

Kommunedirektøren meiner kommunen må følgje opp krysset med vilkår om utbetring før planen kan bli vedtatt.

#### Støy og støv

I forbindning med gjeldande reguleringsplan vert det utført støyanalyse som visar ein desibel mellom 43-53 for bustadane og fritidsbustadane, det er under grenseverdien 55 desibel, og dermed ikkje krav om støyreduserande tiltak. Under høyring av planoppstart kom det inn merknad frå nabo at dei opplever støy som ei ulempe, det har kommunedirektøren stor forståing for.

Planføresegn legger føring for:

- Når støyande aktivitet kan gå føre seg, og at naboar skal varslast ved sprenging.
- Kantvegetasjon og voll for å redusere støy og støvflukt.
- Støvflukt skal avgrensast, og tiltak mot støvflukt skal begynne straks dersom det oppstår støvflukt frå anlegget.

Kommunedirektøren vurdere støy og støv som godt omtalt i planen og som ivaretatt ved planføresegn. Vidare så er det ikkje til å unngå at eit masseuttak vil skape lyd som er til ulempe for naboar, samt eit visuelt inngrep i landskapet.

#### Beitedyr og friferdsel

I området rundt planområdet er det fleire gardsbruk som har bufe på beite, og det vil derfor vere behov for forsvarleg sikring av uttaksområdet.

Vegen ved planområdet er det einaste på sør sida av Rauma elv, og dermed også ein naturleg ferdselsveg for gåande og syklande. Det er derfor viktig at uttaksområdet er forsvarleg sikra.

Kommunedirektøren finner at planføresegn er tilstrekkeleg ved at den legge føring for at uttaksområdet skal til ei kvar tid vere sikra forsvarleg både for husdyr og menneske, jf Steinbrudd og massetak n).

Vurdering etter naturmangfaldslova §8-12 jf §7:

8. (kunnskapsgrunnlaget): Det er gjort greie for eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag for behandlinga av planen, jf. konsekvensanalyse og ROS-analyse, naturbase, artsart og lokalkunnskap.
9. (føre-var-prinsippet): Konsekvensen av planen er avgrensa og oversiktleg.
10. (økosystemtilnærming og samla belastning): Planforslaget rører ikkje vesentlege område eller funksjonar for økosystemet, tiltaket er avgrensa og av oversiktleg karakter.
11. (kostnadene ved miljøforringels skal bæres av tiltakshaver): Dette er ivareteke gjennom føresegner, og krav som følgjer av anna lovverk, t.d. minerallova.
12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder): Dette er ivareteke gjennom føresegnene, og krav som følgjer av anna lovverk (minerallova og forureiningslova).

Forslagsstillar må sjølv sørge for naudsynte løyve etter andre lovverk. Dette gjeld godkjenning av driftsplan, avkjøring til offentleg veg og forhold (m.a. støy og støv) som er omfatta av forureiningslova mm. Det er ikkje aktuelt med utbyggingsavtale i denne saka, men kommunen må følgje opp grusuttaket og den viktig ressursen. Direktoratet for mineralforvaltning har ei sentrale i forhald til driftsplanen som legger opp til midlar for avslutting og istandsetting av terrenget etter avslutta drift.

Kommunedirektøren vurderer planforslaget legger til rette for ei vidare utnytting av ein samfunnsmessig viktig ressurs med akseptable konsekvensar for naturmiljø og samfunn.

## Dokumenter

### Vedlegg

- 1 RP Enebo 34320162 beskrivelse med KU 25022021.pdf
- 2 RP Enebo 34320162 bestemmelser 25022021.pdf
- 3 RP Enebo 34320162 ROS 17022021.pdf
- 4 RP Enebo 34320162 plankartA3 UTM32 22022021.pdf

### Innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10, jf. § 12-11 blir reguleringsplan for Enebo grustak lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

Vilkår før planen kan vedtakast:

1. Krysset mellom E136 og Fv. 2668 skal utbetraast og ferdigstillaast.

Frank Westad  
kommunedirektør

### Forvaltningsutvalgets behandling av sak 41/2021 i møte den 14.09.2021:

#### Behandling

Kommunedirektørens innstilling enstemmig vedtatt.

#### Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10, jf. § 12-11 blir reguleringsplan for Enebo grustak lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

Vilkår før planen kan vedtakast:

1.Krysset mellom E136 og Fv. 2668 skal utbetraast og ferdigstillaast.